



Vinje kommune, januar 2019

INKLUDERANDE BARNEHAGE- OG SKULEMILJØ

Prosjektplan Vinje kommune



1.0. INNLEIING

1.1. MÅLGRUPPE

2.0. UTVIKLINGSOMRÅDE OG INNHOLD

2.1. PROSJEKTSTART

2.2. KARTLEGGINGAR

2.3. OVERORDNA MÅL FOR VINJE KOMMUNE

2.4. EVALUERING

3.0. FORANKRING OG ORGANISERING

3.1. ARBEIDSFORMER

3.2. ORGANISERING

3.3. FASTE RUTINAR OG MØTEPUNKT

3.4. ORGANISERING AV ARBEIDET PÅ EININGANE

3.5. INVOLVERING AV BARN OG FORELDRE

4.0. FINANSIERING

5.0. UTFORDRINGAR OG MOGLEGHEITER

6.0. LITTERATUR

1.0. Innleiing

Vinje kommune deltek frå hausten 2018 t.o.m. desember 2020 i Utdanningsdirektoratet sitt nasjonale kompetanseutviklingstilbod «*Inkluderande barnehage- og skulemiljø*». Kommune deltek i pulje tre i det samlingsbaserte tilbodet. Prosjektet har som mål å styrke barnehagar, skular og eigar sin dugleik i: å skape og oppretthalde gode barnehage- og skulemiljø, samt i å førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Vidare er målet å styrke både regelvervskompetansen og den pedagogiske kompetansen til barnehagar, skular, eigar og barnehagemyndigheiter, samt å styrke kompetansen til å drive kvalitetsutvikling lokalt (Udir,2018a). Hovudelementa i dette prosjektet er med andre ord:

1. Førebygging, avdekking og handtering av mobbing og andre krenkingar.
2. Utvikling og oppretthalding av gode og trygge barnehage-/skulemiljø.
3. Organisasjon og leiing, generell regelvervskompetanse og tverrfagleg samarbeid (Udir,2018a).



Både Vinjeskulen og Vinjebarnhagen med sine åtte einingar ser dette prosjektet som særst aktuelt og viktig. Å arbeide for at alle barn og unge i Vinje kommune opplever sitt oppvekstmiljø som trygt og godt er blant det viktigaste arbeidet me kan gjere både for enkeltindividet og samfunnet. Barn og unge har ein oppvekst og det er difor viktig at barnehagetilsette og skuletilsette, i samarbeid med foreldra og lokalsamfunnet, arbeider godt saman for å sikre at den blir så god som mogeleg. Me veit at det å ha det trygt og godt i barnehagen og på skulen i stor grad er avgjerande for barn og unge sin læring, livskvalitet og livsmeistring- både her og no og seinare i livet. På denne måten er dette prosjektet ein viktig og naudsynt del av satsinga på *tidleg innsats og folkehelse*.

1.2 Målgruppe

Målgruppa for dette prosjektet er slik Utdanningsdirektoratet skriv «*barnehagar og skular som treng noko støtte i arbeidet med barnehage- og skulemiljø, men som har føresetnadar for å drive eit sjølvstendig, lokalt utviklingsarbeid*»(Udir,2018a, s.2). Det er viktig at alle som arbeider med barn og unge i skulane og barnehagane er med i arbeidet med prosjektet. Prosjektet er for skuleeigar, styrarar, pedagogar, fagarbeidarar og assistentar. SFO er og ein del av dette prosjektet. Vidare skal både barna og foreldra involverast i prosjektet.

2.0. Utviklingsområde og innhald

2.1. Prosjektstart

For å få til ein vellykka implementering av prosjektet er det viktig at alle som skal vere ein del av det blir involvera i det, og får kome med innspel til kva ein treng å arbeide med. Måla som Utdanningsdirektoratet har satt for prosjektet (jf. punkt 1.0) er store og omfattande. Det er mykje ein kan arbeide med innanfor dei ulike hovudområda. Me veit at barnehagane og skulane heile tida arbeider aktivt med barnehage- og skulemiljøet. Prosjektet er ei gylden mogelegheit til å jobbe endå meir systematisk med denne tematikken. Det opnar og opp for at kvar enkelt barnehage og skule kan sjå nærmare på kva dei har behov for å arbeide meir med. På bakgrunn av dette har me i dette fyrste halvåret av prosjektet hatt fokus på å bruke tid på å finne ut av kva den enkelte barnehage og skule har eit behov for å jobbe meir med innanfor denne tematikken. Me har difor bruka hausten 2018 til å presentere prosjektet for einingane, kartlegge behov ved hjelp av gruppearbeid og kartleggingsverktøy, samt arbeida med å lage gode mål for kvar eining og for Vinje kommune.

2.2. Kartlegging av behov

Alle barnehagane og skulane i Vinje kommune gjennomførte hausten 2018 kartleggingar for å kome fram til område som den enkelte barnehage og skule har størst behov for å arbeide med i dette prosjektet. Kartleggingane som er blitt gjennomført er:

1. Prosjektet blei kort presentert for alle skulane og barnehagane. På slutten av presentasjonen arbeida dei tilsette med fylgjande spørsmål etter IGP-metoden:
 - *Kva synest du at du er flinke til på desse områda? **
 - *Kva synest du at du treng meir kompetanse på?*
 - *Kva synest du at eininga du arbeider ved treng å arbeide meir med på desse områda?*

* Områda =1.fremme trygge og gode barnehage- og skulemiljø, 2.førebygge og 3.handtere mobbing og andre krenkingar.

Både skulesjefane, barnehagestyrarane, dei pedagogiske leiarane, lærarane, fagarbeidarane og assistentane deltok i dette arbeidet. Resultata blei analysert og samanfatta av prosjektgruppa, og sendt tilbake til einingsleiarane.

2. Skulane gjennomførte RefLex sin modul om skulemiljø- «*skulens aktivitetsplikt til å sikre at elevane har eit trygt og godt skulemiljø*». Denne spørjeundersøkinga blei i dei fleste skulane gjennomført avdelingsvis.

Barnehagane tok ein eigendesigna spørjeundersøking. Spørsmåla i undersøkinga vart plukka ut frå RefLex sin modul om skulemiljø, og frå temaet «*Vennskap og fellesskap*» frå Ståstedsanalysen for barnehagar. I tillegg laga prosjektgruppa nokon av spørsmåla sjølv.

Dei fleste barnehagane gjennomførte denne undersøkinga avdelingsvis. Det vil seie at kvar avdeling sat saman og leverte inn eit felles svar på spørsmåla. I nokon barnehagar deltok både styrar, pedagogisk leiar, fagarbeidarar og assistentar i dette arbeidet. I andre barnehagar blei spørjeundersøkinga gjennomført av dei pedagogiske leiarane.

Resultata frå desse kartleggingane blei bruka når barnehagane og skulane skulle utarbeide sine eigne mål for prosjektet. Dei var og eit utgangspunkt når prosjektgruppa i samarbeid med styringsgruppa utforma dei overordna måla for Vinje kommune.

2.3. Overordna mål for Vinje kommune

På bakgrunn av hovudområda som Utdanningsdirektoratet har satt for tilbodet/prosjektet, samt dei svara me fekk inn gjennom kartleggingane har Vinje kommune sett seg fylgjande overordna mål for prosjektet:

1. Barnehagane skal ha høg kvalitet som fremmer trivsel, leik og læring. Skulane: Elevar skal ha eit godt og inkluderande skulemiljø.*
2. Dei tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.
3. Skulane og barnehagane skal utvikle gode rutinar som gjer den enkelte eining til ein endå betre lærande organisasjon.

2.4. Evaluering

Arbeidet med, og måla for, prosjektet skal evaluerast både undervegs i prosjektperioden og ved avslutning av prosjektet. Barnehagane og skulane skal evaluere egne planar og mål for prosjektet. I tillegg skal ein evaluere dei overordna måla for prosjektet i Vinje kommune. I evalueringsarbeidet vil me mellom anna bruke fylgjande informasjonskjelder:

- Prosjektleiari og deltakarane i prosjektgruppa vil ha jamlege samtalar med styrarane der ein evaluerer korleis arbeidet med prosjektet går.
- Bruke foreldremøte, utviklingssamtalar og liknande til å hente inn tilbakemeldingar frå barn og foreldre.
- Spørje elevrådet jamleg om korleis dei synest det går med prosjektet.
- Ha ei eigen midtvegsevaluering og sluttevaluering med dei tilsette.
- Sjå på resultat frå elevundersøkinga og trivselsundersøkingar.

Me vil bruke både kvalitative og kvantitative metodar for å måle effekten av prosjektet i einingane (sluttevaluering). Mot slutten av prosjektperioden vil ein gjennomføre dei same kartleggingane som blei gjort ved oppstart av prosjektet hausten 2018. Skulane gjennomfører RefLex (modul om skulemiljø) og barnehagane gjennomfører eigendesigna spørjeundersøking. I tillegg skal me evaluere ved å stille dei tilsette spørsmål om kva dei har lært i prosjektperioden. Det vil og vere aktuelt å lage eit spørjeskjema for barna og foreldra.

Svara frå dei to kartleggingane skal samanliknas med resultatane frå kartleggingane som blei gjort hausten 2018. Dette, saman med svarene frå barna og foreldra, vil danne grunnlaget for Vinje kommune sin sluttevaluering av prosjektet.

3.0. Forankring og organisering

3.1. Arbeidsformer

Arbeidet med prosjektet forgår på ulike måtar, men det viktigaste arbeidet skjer i det daglege ute på dei ulike einingane. Skjemaet under syner dei ulike arbeidsformene til prosjektet:

| | |
|---|--|
| Nasjonale samlingar og fylkesvise samlinga (Udir) | <ul style="list-style-type: none">• Fagleg påfyll• Erfaringsutveksling• Arbeid i fylke- og kommunegrupper |
| Lærande nettverk | <ul style="list-style-type: none">• Eit nettverk for alle ressurspersonane/prosjektleiarane i kommunane i Vest-Telemark• Samarbeid med USN og Læringsmiljøsenderet• Erfaringsutveksling og fagleg påfyll |
| Barnehage- og skulebasert kompetanseutvikling | <ul style="list-style-type: none">• Styrarane fremjer og planlegg arbeidet saman med personalet i sin barnehage/skule.• Arbeid med ulike tema i personalgruppene minimum ein gong i månaden.• Bruk av aktivite og produktive arbeidsmåtar. |

3.2. Organisering

Vinje kommune valde i august 2018 å tilsette ein prosjektleiar/ressursperson i 50% stilling knytt opp til dette prosjektet. Prosjektleiaren har som oppgåve å koordinere arbeidet med prosjektet i alle barnehagar og skular i kommunen. Me i Vinje kommune har med andre ord valt å ha ein prosjektleiar i staden for to, då me trur dette er viktig for å få til ein heilskap i prosjektet. Vidare blei det tidleg i prosjektet laga ei prosjektgruppe. Denne gruppa har eit særleg ansvar for å hjelpe einingsleiarane i arbeidet med å drive prosjektet ute på alle einingane, samt sikre at alle tilsette blir involvera i prosjektet. Prosjektgruppa består mellom anna av to tilsette frå barnehage og to tilsette frå skulen. Skjemaet under syner korleis prosjektet er organisert i Vinje kommune:

| Rolle | Namn | Oppgåve/Ansvar |
|------------------------------------|---|--|
| Styringsgruppa | Består av: barnehage – og skuleeigar, skulesjefane og barnehagestyrarane i kommunen. Anders Sandvik André Johannessen Wenche Hovda Røsholt Rune Sudbø Tveito Mona Testad Unni Kristiansen Gerd Lyngstad Kroken Heidi Rønningen Katrine Grindalen | Overordna ansvar for prosjektet |
| Prosjektleder/ressursperson | Grethe Bjørkholt Seim | Halde den raude tråden i prosjektet/ koordinere arbeidet med prosjektet i kommunen. Dvs. -Følgje opp arbeidet i skulane og barnehagane. - Utarbeide prosjektplan i samarbeid med prosjektgruppa og styringsgruppa. - Samarbeide med ressurspersonane i dei andre kommunane i Vest-Telemark- -Delta i læringsnettverk og på samlingar arrangert av Udir. |
| Prosjektgruppa | Marte Nystog (Åmot barnehage) Anita Stenberg Mandt (Rauland barnehage) Terje Haugen (Åmot skule) Åste Nedler Haugen (Edland skule) | Bidra til å drive prosjektet ute på alle einingane. Sikre prosjektet sin framgang. <u>Arbeidsoppgåver:</u> Vere kontaktpersonar for prosjektet på dei ulike |

| | | |
|---|---|---|
| | Anders Sandvik (ass. Rådmann). Sissel Bronken (Leiar ved Vest-Telemark PPT). Grethe Bjørkholt Seim (prosjektleder). | einingane. Støtte skulesjefane og barnehageleiarane med arbeidet med prosjektet ved den enkelte skule/barnehage. Analysere data frå undersøkingar og hjelpe kvar eining med å utarbeide gode mål for arbeidet. Lage gode opplegg til læringsøkter på einingane. |
| Barnehagestyrarar og skulesjefar | | Barnehagestyrarar og skulesjefane har det faglege og organisatoriske ansvaret for arbeidet ved eigen barnehage/skule. Utarbeide ein lokal plan med utgangspunkt i den overordna prosjektplanen. |

3.3. Faste rutinar og møtepunkt

For å sikre prosjektet sin framgang er me avhengig av å ha nokon faste rutinar og møtepunkt. Vinje kommune har laga fylgjande rutinar i dette prosjektet:

- Prosjektleder er med i barnehage og skuleleiar møtet (styringsgruppa) ein gong i månaden. Her skal ein mellom anna drøfte korleis arbeidet med prosjektet går, samt diskutere kva me skal arbeide vidare med.
- Prosjektleder har møte med prosjektgruppa kvar månad og oftare ved behov.
- Prosjektgruppa etterspør og sikrar framdrift i sine barnehagar og skular med jamne mellomrom.
- Prosjektleder skriv månadlege nyhendebrev som skal oppdatere einingane på prosjektet.
- Prosjektleder deltek på eit lærande nettverk for alle ressurspersonane i Vest-Telemark kommunane. Frekvens: to gonger i halvåret.
- Deltakarane i prosjektgruppa og alle einingsleiarane deltek på to nasjonale samlingar i året for pulje 3. Samlingane blir arrangert av Utdanningsdirektoratet.

3.4. Organisering av arbeidet på einingane

Barnehagestyrarar og skulesjefane har det faglege og organisatoriske ansvaret for arbeidet ved eigen barnehage/skule. Den enkelte barnehage/skule må finne sin måte å organisere arbeidet på slik at heile personalgruppa blir aktivt med i utviklingsarbeidet. Prosjektleiari har i samarbeid med styringsgruppa bestemt at kvar eining innan 31.01.19 skal utarbeide ein lokal plan basert på resultatane frå kartleggingar som er gjort (jf. avsnitt 2.2). I planen skal det kome tydeleg fram kva den enkelte skule/barnehage skal arbeide med. I tillegg skal dei overordna måla for kommunen konkretiserast i denne planen. Planen må beskrive kort korleis ein skal inkludere heile personalgruppa i arbeidet, samt korleis føresette og elevar skal inkluderast. Det må settast av nok tid til arbeidet, og leiarane må leggje klare føringar og rammer for arbeidet. I den enkelte læringsøkt må det leggjast opp til refleksjon og aktiv deltaking frå alle. Bruk av IGP-metoden og andre liknande metodar er aktuelt. Det skal gjennomførast minimum ei læringsøkt i månaden der heile personalet arbeider med måla som den enkelte eininga har satt seg. Prosjektgruppa hjelper til med å lage konkrete opplegg til dei enkelte læringsøktene. Opplegga vil gjerast tilgjengeleg for einingsleiarane via ein onedrive-konto. I tillegg vil einingsleiarane få nokon utvalde bøker som skal brukast aktivt i arbeidet.

3.5. Involvering av barn og foreldre

Me i Vinje kommune ser det som viktig å hente inn barna sine stemmer i dette prosjektet. I januar 2019 kjem me til å gje dei eldste barna i barnehagane og alle elevane i skulane informasjon om prosjektet. Dei vil då få mogelegheit til å kome med innspel på kva dei tenkjer er viktig for at dei skal ha eit trygt og god skulemiljø utan mobbing og andre krenkingar. Barna sine innspel skal ha ein reel innverknad på prosjektplanane til barnehagane og skulane. I skulane vil temaet skulemiljø bli tatt opp i elevråda til skulane med jamne mellomrom gjennom heile prosjektperioden. I samband med at barna blir informert om prosjektet blir det arrangert ein teiknekonkurranse for barna. Me ynskjer å ha ein logo for prosjektet i Vinje kommune, og utfordrar derfor barna til å kome med sine forslag til dette.

Å ha eit godt samarbeid med heimen er i seg sjølv ein viktig faktor for å få til eit godt og trygt oppvekstmiljø. Å få til eit inkluderande miljø, og vedlikehalde eit slikt miljø, krev innsats frå både barnehagane, skulane, heimane og lokalsamfunnet. Me ser det difor som viktig å involvere foreldra i dette utviklingsarbeidet. Prosjektet skal vere eit tema på foreldremøte som alle einingar skal ha i løpet av våren 2019. På desse møta skal foreldra få mogelegheit

til å kome med innspel til kva og korleis dei ulike einingane skal arbeide med dette prosjektet. I skulane vil ein nytte seg av FAU i det vidare arbeidet med å involvere foreldra. Informasjon om prosjektet vil bli gjort tilgjengeleg på Vinje kommune sine nettsider i januar 2019, slik at foreldra allereie då kan få vite meir om prosjektet.

4.0. Finansiering

Vinje kommune har mottatt 520 000 kr i statleg tilskot for deltakinga i denne satsinga. I tillegg er arbeidet ytterlegare finansiert med 130 000 frå Vinje kommune sitt budsjett for 2019.

5.0 Utfordringar og moglegheiter

Som tidligare nemnt er dette prosjektet ei gylden mogelegheit til å jobbe endå meir systematisk med barnehage- og skulemiljøet. Det opnar og opp for at kvar enkelt barnehage og skule kan sjå nærmare kva dei har behov for å arbeide meir med innanfor denne tematikken. Vidare gjev prosjektet oss ei mogelegheit til å gå igjennom diverse handlingsplanar og sjå nærmare på om det er noko me bør endre på. Det er ein styrke at prosjektet legg opp til at det er eit prosjekt for alle som arbeider med barn og unge i barnehagar og skular. Dette vil kunne bidra til eit styrka samarbeid mellom dei som arbeider i barnehagane og på skulane. Det vil og bidra til at dei tilsette får ei felles forståing for tematikken, og dei mest sentrale omgrepa innanfor feltet. Dette vil truleg føre til at dei tilsette vil kunne få ein meir lik praksis i møte med utfordringar knytt til barnehage- og skulemiljø. Det er noko barn og unge vil nytte godt av.

Ein utfordring med å drive utviklingsarbeid i barnehage og skule er *tid*. Kvardagen er hektisk for dei tilsette som arbeider i barnehage og skule, og det er mange område ein må ha fokus på samstundes. Det blir difor viktig at kvar eining set av faste tidspunkt der alle tilsette skal arbeide med dette prosjektet. I tillegg er det viktig at me lyfter fram viktigheten av dette arbeidet. Det å arbeide med barnehage- og skulemiljø er noko me må arbeide med kontinuerleg.

6.0 Litteratur

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Grunnlagsdokument for arbeidet med barnehage-, skolemiljø, mobbing og andre krenkelser*. Henta frå <file:///C:/Users/grethese/Documents/Inkluderende%20barnehage-%20og%20skolemiljø/Grunnlagsdokument%20barnehage-,skolemiljø,%20mobbing%20og%20krenkelser.%20Revidert%20utgave%2015.09.17.pdf>

Utdanningsdirektoratet. (2018a). *Informasjon om deltakelse i Inkluderende barnehage-og skolemiljø- samlingsbasert tilbud, pulje 3*. Henta frå: https://www.dropbox.com/sh/fwa652sg2l26rxr/AAB0MLcrSfmBCNAhmxfcrIHBa/1.%20Informasjon%20og%20dokumenter/1.%20Informasjon%20pulje%203?dl=0&preview=Infobrev+pulje+3.pdf&subfolder_nav_tracking=1

Utdanningsdirektoratet. (2018b,april). *Voksne skaper vennskap*. Innlegg presentert ved Inkluderende barnehage- og skolemiljø Samlingsbasert tilbud Oppstartssamling i pulje 3, Gardermoen. Sammendrag henta frå <file:///C:/Users/grethese/Documents/Inkluderende%20barnehage-%20og%20skolemiljø/Informasjon%20fra%20Udir%2025.04.18.pdf>

Vedlegg

1.Milepælsplan

2.Mal på lokal prosjektplan

3.Spørjeundersøking bhg

| Når | Kva | Innhald/mål | For kven? | Ansvar |
|-------------------------------------|--|--|---|----------------|
| Hausten 2018 | | | | |
| 20.09.2018 | Fyrste møte i prosjektgruppa. | Avklare roller og forventningar. | Prosjektgruppa | Prosjektleia |
| 25.09.2018 | Møte i barnehageforum Vest-Telemark | Møte ressurspersonane frå dei andre kommunane i Vest- Telemark. Utveksle erfaringar. | Prosjektleiar | Barnehageforum |
| 27.09.2018 | Barnehage- og skuleleiar møte. | Orienterer om framgangen i prosjektet så langt. Drøfte behov for kartlegging. | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| Veke 39-47 24.09.2018-02.11.2018 | Presentasjon av prosjektet for dei ulike einingane. Gjennomføring av gruppeoppgåve (kartleggingsarbeid). | Presentere prosjektet for heile personalgruppa, starte analysearbeid for å finne gode mål. | Alle tilsette ved barnehagane og skulane. | Prosjektleiar |
| 20.10.2018 | Barnehage- og skuleleiar møte. | Orienterer om framgangen i prosjektet så langt. Evt. drøfte aktuelle innsatsområde. | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| 15.10.2018 | Møte OVU | Presentere prosjektet for OVU | OVU Prosjektleiar | Prosjektleiar |
| 25.10.2018 | Møte i prosjektgruppa | Analysere data frå gruppeoppgåve frå oppstartsamlingane. | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |
| 26.10.2018 | Planleggingsdag for skulane i Vest-Telemark. Tema: skulemiljø | | | |
| 31.10.18 | Nettverkssamling | | Prosjektleiar | USN |
| 22.11.2018 | Møte i prosjektgruppa | Målarbeid Involvering av barn og føresette | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |
| 13.12.2018 | Møte i prosjektgruppa | Målarbeid Involvering av barn og føresette | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |

| Når | Kva | Innhald /mål | For kven? | Ansvar |
|-------------------|--|---|----------------------------------|---------------|
| Våren 2019 | | | | |
| 15.01.19 | Prosjektplan skal ferdigstillast og sendast til Fylkesmannen. Kopi sendast til Udir. | | | Prosjektleiar |
| 22.01-23.01.19 | Nasjonal samling Udir. | Fagleg påfyll | Prosjektgruppa og styringsgruppa | Udir |
| Januar 2019 | Barnehage- og skuleleiar møte | | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| 05.02.19 | Nettverkssamling | Drøfte tema som blei tatt opp på den nasjonale samlinga med Udir. | Prosjektleiar | USN |
| 14.02.19 | Møte i prosjektgruppa | Status for arbeidet | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |
| Februar 2019 | Barnehage- og skuleleiar møte | | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| 13.03.19 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |
| Mars 2019 | Barnehage- og skuleleiar møte | | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| 11.04.19 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |
| Mai 2019 | Barnehage- og skuleleiar møte | | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| Mai 2019 | Nettverkssamling Udir | | Fylkesmannen | |
| 09.05.19 | Nettverkssamling | Evaluering av året og vegen vidare. | Prosjektleiar | USN |
| 16.05.19 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |
| Juni 2019 | Barnehage- og skuleleiar møte | | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| Juni 2019 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |

| Når | Kva | Innhald /mål | For kven? | Ansvar |
|---------------------|-------------------------------|---------------------|----------------------------------|---------------|
| Hausten 2019 | | | | |
| 24.-25.09.19 | Nasjonale samling Udir | Fagleg påfyll | Styringsgruppa og prosjektgruppa | Udir |
| September 2019 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleder |
| September 2019 | Barnehage- og skuleleiarmøte. | | Styringsgruppa og prosjektleder | |
| Oktober 2019 | Nettverkssamling | Erfaringsutveksling | Prosjektleder | USN |
| Oktober 2019 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleder |
| Oktober 2019 | Barnehage- og skuleleiarmøte. | | Styringsgruppa og prosjektleder | |
| November 2019 | Nettverkssamling Udir | | Fylkesmannen | |
| November 2019 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleder |
| November 2019 | Barnehage- og skuleleiarmøte. | | Styringsgruppa og prosjektleder | |
| Desember 2019 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | |
| Desember 2019 | Barnehage- og skuleleiarmøte. | | Styringsgruppa og prosjektleder | |

| Når | Kva | Innhald /mål | For kven? | Ansvar |
|-------------------|---|-------------------------------------|----------------------------------|---------------|
| Våren 2020 | | | | |
| 21.-22.01.2020 | Nasjonal samling Udir | Fagleg påfyll | Styringsgruppa og prosjektgruppa | Udir |
| 15.02.2020 | Frist for å sende undervegsvurdering til FM | | | Prosjektleder |
| Februar 2020 | Nettverkssamling | | Prosjektleder | USN |
| Februar 2020 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleder |
| Februar 2020 | Barnehage- og skuleleiarmøte | | Styringsgruppa og prosjektleder | |
| Mars 2020 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleder |
| Mars 2020 | Barnehage- og skuleleiarmøte | | Styringsgruppa og prosjektleder | |
| April 2020 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleder |
| April 2020 | Barnehage- og skuleleiarmøte | | Styringsgruppa og prosjektleder | |
| Mai 2020 | Barnehage- og skuleleiarmøte | | Styringsgruppa og prosjektleder | |
| Mai 2020 | Nettverkssamling Udir | | Fylkesmannen | |
| Mai 2020 | Nettverkssamling | Evaluering av året og vegen vidare. | Prosjektleder | USN |
| Mai 2020 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleder |
| Juni 2020 | Barnehage- og skuleleiarmøte | | Styringsgruppa og prosjektleder | |
| Juni 2020 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleder |

| Når | Kva | Innhald /mål | For kven? | Ansvar |
|---------------------|---------------------------------------|---------------|----------------------------------|---------------|
| Hausten 2020 | | | | |
| 16.-17.09.20 | Nasjonale samling Udir | Fagleg påfyll | Styringsgruppa og prosjektgruppa | Udir |
| September 2020 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |
| September 2020 | Barnehage- og skuleleiarmøte | | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| Oktober 2020 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |
| Oktober 2020 | Barnehage- og skuleleiarmøte | | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| November 2020 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | Prosjektleiar |
| November 2020 | Nettverkssamling Udir | | Fylkesmannen | |
| November 2020 | Barnehage- og skuleleiarmøte | | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| Desember 2020 | Barnehage- og skuleleiarmøte | | Styringsgruppa og prosjektleiar | |
| Desember 2020 | Møte i prosjektgruppa | | Prosjektgruppa | |
| 15.02.2021 | Frist for å sende sluttrapport til FM | | | Prosjektleiar |

Prosjektplan for skule/barnehage

1. Mål og kjernekomponentar i prosjektet

Vinje kommune deltek frå hausten 2018 t.o.m. desember 2020 i Utdanningsdirektoratet sitt nasjonale kompetanseutviklingstilbod «*Inkluderande barnehage- og skulemiljø*». Kommune deltek i pulje tre i det samlingsbaserte tilbodet. Prosjektet har som mål å styrke barnehagar, skular og eigar sin dugleik i: å skape og oppretthalde gode barnehage- og skulemiljø, samt i å førebygge, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar. Vidare er målet å styrke både regelverkskompetansen og den pedagogiske kompetansen til barnehagar, skular, eigar og barnehagemyndigheiter, samt å styrke kompetansen til å drive kvalitetsutvikling lokalt **Kjernekomponentane** i dette prosjektet er med andre ord:



Vinje kommune sine overordna mål for prosjektet er:

På bakgrunn av kjernekomponentane som Utdanningsdirektoratet har satt for tilbodet/prosjektet har Vinje kommune sett seg fylgjande overordna mål for prosjektet:

4. Barnehagane skal ha høg kvalitet som fremmer trivsel, leik og læring. Skulane: Elevar skal ha eit godt og inkluderande skulemiljø.*
5. Dei tilsette skal ha tilstrekkeleg kompetanse til å førebyggje, avdekke og handtere mobbing og andre krenkingar.
6. Skulane og barnehagane skal utvikle gode rutinar som gjer den enkelte eining til ein endå betre lærande organisasjon.

*Skulemiljø= fysisk miljø, psykososialt miljø og læringsmiljø.

2. Mål for den enkelte eining

Måla de lagar må ta utgangspunkt i dei overordna måla til kommunen og kjernekomponentane som Udir syner til. Lag 3-6 mål for din eining. Det er viktig at det ikkje blir for mange mål. Kvart mål kan ein arbeide med over lengre tid.

På bakgrunn av dei overordna måla til kommunen, samt tilbakemeldingar frå dei tilsette, barna og foreldra har me ved bestemt oss for å arbeide meir med desse måla.....

1.

2.

3.

Osv.

Konkretiser korleis de vil arbeide med kvart mål/ lag tema som går under kvart mål:

For eksempel: mål nr 1. er: *«Barna ved.... skal møte varme og tydelege vaksne som gjer kvardagen føreseieleg og trygg for dei».*

Eksempel på tema som går under eit slik mål er:

- Autoritativ vaksenstil
- Arbeide med rutinar som gjer at kvart barn kjenner seg sett og verdsatt.
- Arbeidet med temaet: å gje ros.
- Arbeide med rutinar for god klasseleiing/ god pedagogisk leiing.
- Osv.

Dette kan setjast opp slik:

| Mål nr. 1 | Mål nr. 2 | Mål nr. 3 |
|-----------|-----------|-----------|
| Tema 1 | Tema 1 | Tema 1 |
| Tema 2 | Tema 2 | Tema 2 |

Som de ser kan de arbeide over lengre tid med eit mål.

3. Liste over implementeringsdrivere.

Legg inn ein liste over kva for metode de vil bruke for å jobbe med dei ulike måla og tema i personalet. Sjå ulike metodar her:

<https://slideplayer.no/slide/11830615/>

4. Gjennomføringsplan

Eksempel på gjennomføringsplan:

(Sett opp ein plan eit stykke fram i tid, de kan gå inn å redigere og fylle på etterkvart). Del denne planen med dei tilsette!

| Tema | Førebuing | Metode | Når | Ansvar |
|--|----------------------------|---------------------------------|------------|---------------|
| Autoritative vaksne del 1 Relasjonskompetanse | Les: | Kort foredrag og IGP | Februar | Styrrar |
| Autoritative vaksne del 2 -Grensesetting -Å skape ein føreseieleg kvardag. | Les: | Kort foredrag og IGP | Februar | Styrrar |
| Krenkingar -Når vaksne krenkar barn. | Les: | Foredrag og refleksjonsoppgåver | Mars | Styrrar |
| Mobbing -Ulike former for mobbing. | Les: | IGP | Mars | Styrrar |
| Mekanismane i ein mobbesituasjon | Les: | Film + IGP | April | Styrrar |
| Mekanismane i eit utrygt læringsmiljø | Les: | Film + IGP | April | Styrrar |
| Ei praksisforteljing | Skriv ei praksisforteljing | Gruppearbeid | Mai | Styrrar |

5. Plan for involvering av foreldra.

Skriv kort korleis din eining skal involvere foreldra i prosjektet/utviklingsarbeidet.

6. Plan for involvering av barna/elevar.

Skriv kort korleis din eining skal involvere barna/elevane i dette prosjektet/utviklingsarbeidet.

7. Plan for involvering av heile personalgruppa.

Skriv kort korleis din eining skal organisere arbeidet slik at både assistentar, fagarbeidarar og pedagogisk leiarar/lærarar blir med på utviklingsarbeidet.



Vinje kommune

UNDERSØKING BARNEHAGEMILJØ

Grøn (praksis er tilfredsstillande)

Gul (praksis må betrast)

Raud (Praksis må endrast - tiltak er nødvendig)

| Barnehage: | Avdeling: | | | |
|---|---|-----|------|------------|
| Spørsmål | Grøn | Gul | Raud | Veit ikkje |
| | 1. I denne barnehagen bidreg me til at alle barn får ein god barndom prega av trivsel, venskap og leik. | | | |
| 2. I denne barnehagen jobbar me for at barna skal oppleve barnehagen som ein trygg og utfordrande stad der dei kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og venskap. | | | | |
| 3. I denne barnehagen støttar me alle barn i å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine følelsar. | | | | |
| 4. Om eit barn opplever krenkingar eller mobbing vil me i personalet handtere, stoppe og følgje opp dette. | | | | |
| 5. I vår barnehage legg me til rette for at kvart einaste barn får oppleve at det er ein viktig person for fellesskapet. | | | | |
| 6. I vår barnehage syter personalet for at kvart einaste barn erfarer å vere i positivt samspel med andre barn og vaksne. | | | | |
| 7. I vår barnehage bidreg personalet til at alle barn får leike med andre. | | | | |
| 8. I vår barnehage syter personalet for at alle barn får oppleve venskap og lære å halde på venner. | | | | |
| 9. I vår barnehage samtalar me om normer for samhandling og inviterer barna til i fellesskap å utforme normer for samhandling. | | | | |
| 10. Personalet i denne barnehagen støttar barn i å ta andre sitt perspektiv og sjå ei sak frå fleire synsvinklar. | | | | |

| | | | | |
|--|--|--|--|--|
| 11. I vår barnehage støttar me barna i å reflektere over eigne og andre sine følelsar, opplevingar og meiningar. | | | | |
| 12. I vår barnehage støttar me barna i å setje eigne grenser og respektere andre sine grenser. | | | | |
| 13. I vår barnehage støttar me barna i å finne løysingar i konfliktsituasjonar. | | | | |
| 14. Personalet i denne barnehagen førebyggjer diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster. | | | | |
| 15. Personalet i denne barnehagen stoppar diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster. | | | | |
| 16. Personalet i denne barnehagen følgjer opp diskriminering, utestenging, mobbing, krenkingar og uheldige samspelsmønster. | | | | |
| 17. I vår barnehage utformar me det fysiske miljøet slik at alle barn får moglegheit til å delta aktivt i leik og andre aktivitetar. | | | | |
| 18. I vår barnehage utformar me det fysiske miljøet slik at leiker og materiell er tilgjengelege for barna. | | | | |
| 19. I vår barnehage legg me til rette for forståing og god dialog med alle foreldra. | | | | |
| 20. I vår barnehage får foreldra medverke. | | | | |
| 21. I vår barnehage reflekterer heile personalgruppa rundt faglege og etiske problemstillingar. | | | | |

| Spørsmål- Ja/Nei | | |
|--|----|-----|
| | Ja | Nei |
| 22. Er de kjend med kva for forhold rundt eit barn som kan gjere barnet særskilt sårbar? | | |
| 23. Veit de korleis de kan kjenne att teikn på at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø? | | |
| 24. Følgjer de alltid spesielt godt med på om dei særskilt sårbare barna har eit trygt og godt barnehagemiljø? | | |
| 25. Involverer de barna og foreldra i arbeidet med barnehagemiljøet? | | |
| 26. Evaluerer de det førebyggjande arbeidet med barnehagemiljøet basert på synspunkt frå personalet, barna og foreldra? | | |
| 27. Blir barna involvert i arbeidet for å skape og opprettholde eit trygt og godt barnehagemiljø? | | |
| 28. Jobbar styrar for at barnehagen skal praktisere haldningar og verdiar som bidreg til eit trygt og godt barnehagemiljø? | | |
| 29. Følgjer styrar opp dersom ein person som arbeider i barnehagen ikkje praktiserer slike haldningar og verdiar? | | |

| | | |
|---|--|--|
| 30. Får heile personalgruppa tilgang på ny kunnskap (t.d. etter kurs o.l.)? | | |
| 31. Får de nok tid til å reflektere over eigen praksis? | | |
| 32. Er alle som arbeider i barnehagen godt kjent med handlings- og tiltaksplan mot mobbing for vinjebarnhagane? | | |

Spørsmål- skriv svar.

33. Korleis arbeider denne barnehagen med å fremme eit godt og trygt barnehagemiljø?
34. Korleis arbeider denne barnehagen med å førebyggje mobbing og andre krenkingar?
35. Korleis arbeider denne barnehagen med å handtere mobbing og andre krenkingar?
36. Har barnehagen ein "verktøykasse" med tiltak som de kan ta i bruk når de skal handtere, stoppe og følgje opp dersom eit barn opplever krenkingar eller mobbing? Nemn nokon verktøy!
37. **Case:**
Ein forelder kjem og seier at han/ho trur at barnet hans/hennar ikkje har det trygt og godt i barnehagen. Forklar korleis de vil møte denne forelderen. Kva seier de til forelderen og kva gjer de vidare.

Her kan de skrive utfyllande på dei ulike påstandane og spørsmåla. NB: skriv nummer på spørsmålet/oppgåva de svarar på.